



FELLES SYMJEBASSENG MED KLEPP PÅ KVERNALAND/ORSTAD

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Utval for lokal utvikling	025/23	09.03.2023
Time formannskap	015/23	21.03.2023
Time kommunestyre	020/23	28.03.2023

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Utval for lokal utvikling

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

ULK-025/23 Framlegg:

Saka vert teken til orientering.

Time formannskap

Framlegget frå ULK vart samrøystes vedtatt.

FSK-015/23 Framlegg:

Saka vert teken til orientering.

Time kommunestyre

Framlegget frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS-020/23 Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

FELLES SYMJEBASSENG MED KLEPP PÅ KVERNALAND/ORSTAD

SAKA GJELD

I samband med behandling av KS-073/21 *Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025*, vedtok kommunestyre følgende pkt. 20:


20. Kommunestyret ber administrasjonen ha dialog med Klepp kommune om moglegheita fram i tid, for ein felles symjehall i Kvernaland/Frøyland/Orstad-området.

Tilsvarande vedtak er gjort i Klepp kommune, og administrasjonane i både kommunane har hatt felles møter for å vurdere ulike løysingar.

SAKSOPPLYSNINGAR

Klepp kommune har ikkje sett av areal til tomt for ny symjehall.

Time kommune har regulert tomt til symjehall ved Frøyland IL sitt anlegg i plan 0137:






Utsnitt frå Skråfoto 2014. Regulert symjehalltomt er vist med raud sirkel.

Frøyland IL har gjeve uttrykk for at de har andre planar for denne tomte. I dag vert området nytta til parkering. På den regulert parkeringsplassen er det opparbeida ein grusbane.

Idrettslaget har i søknad datert 09.02.2022, søkt om rammeløyve for oppføring av ein fotballhall på grusbanen. Denne søknaden er lagt på vent fram til spørsmålet om mogleg tomt for felles symjehall med Klepp er nærare avklart.

Tomta er på om lag 2,3 dekar. Det er større enn fotavtrykket til den nye symjehallen som er føreslått på Bryne ved Timehallen.

Avstandar:



Avstanden frå Frøyland-skulane til aktuell tomt i Time er om lag 1 km. Det er nok i lengste laget for trinna 1.-4. utan skyss, ikkje på grunn av avstand, men tidsbruk. Frå 5. trinn er det høve til å nytte sykkel og med trygg og god sykkelveg bør då alle lokasjonar innanfor 1500 meters grensa vere akseptable.

Kapasitet symjehallar i Time:

Tala under er henta frå rapporten som vart utarbeida av eit breitt samansett arbeidsgruppe med representantar frå både kommune og organisasjonsliv, i samband med planlegging/bygging av symjehallen på Bryne.

Tabell 1 - Oversikt behov

Brukergruppe	Eksisterende	Ny situasjon
Skolesvømming	39 000	80 000
Barnehager	1 200	4 000
Bryne kompetanse senter (BKS)	600	4 000
BVGS	2 000	10 000
Idretten	32 800	45 000
Fysioterapi/funksjonshemmede/etc	19 000	40 000
Publikumsbading	9 000	50 000
Totaler	103 600	233 000

Tabell 3 – Kapasitet

	Pers pr.t	Dagtid	kveld	Helg	Totalt
Eksisterende basseng					
Bryne ungdomsskule (10,5x25)	25	30 000	25 000	9 000	64 000
Sivdammen (9,5x12,5)	15	18 000	18 000	4 000	40 000
Nye basseng:					
Type 1: 21x25 8 baner (1 gruppe undervisning samtidig)	25/50	30 000	60 000	24 000	114 000
Type 2: 21x25 8 baner med hev/senk på ½ del (2 grupper undervisning samtidig)	50	60 000	60 000	24 000	144 000
Type 3: Opplæringsbasseng med hev og senk (9x12,5)	25	30 000	30 000	12 000	72 000

Samla kapasitet til saman i Sivdammen, Bryne ungdomsskule og dei nye bassenga på Bryne vil vere 320 000 timar. Behovet i tabell 1 er utrekna til 233 000 timar.

Bassenget på Bryne ungdomsskule får i dag stadig førstehjelp, og ein håper at ein klarer å halde drifta i gong fram til ny symjehall er på plass. Ein rapport utarbeida av Norconsult i 2019, konkluderer med at det er nødvendig med ei oppgradering for 19 millionar. Gitt auka prisar er beløpet nok nærare 30 millionar i dag. Det er heller ikkje usannsynleg at det under rehabilitering dukkar opp «nye» forhold som må utbetrast.

Kapasitet symjehallar i Klepp:

Klepp kommune har opplyst at dei skal rullere plan for fysisk aktivitet, og at behov for symjehall vil verta eit tema der.

Dei har vidare opplyst at dei per i dag har tilstrekkeleg kapasitet til symjeopplæring. Bassenga på Orre og Bore har ikkje behov for større oppgraderingar dei komande ti åra. Klepphallen har behov for utbetringar sidan det ikkje kan nyttast av dei minste elevane. På grunn av plasseringa i sentrum, er det ikkje aktuelt å erstatte denne med ein symjehall på Orstad/Frøyland.

VURDERING

Når den nye symjehallen på Bryne vert realisert med eit 25-meters basseng og eit mindre opplæringsbasseng, vil Time kommune ha god kapasitet. Dersom ein vel å berre behalda varmtvassbassenget på Sivdammen saman med den nye symjehallen, vil kapasiteten framleis vere god nok i forhold til behova i tabell 1. Ei slik løysing vil gje mindre fleksibilitet (særleg kveldstid) enn om ein òg kan nytte symjehallen på Bryne ungdomsskule.

Dersom ein ønskjer å utvida kapasitet utover Sivdam-bassenget og dei to nye bassenga i den nye symjehallen på Bryne, kan det vere rett geografisk å heller samarbeide med Klepp kommune om eit nytt basseng på Kvernaland/Orstad, framfor å rehabiliterare bassenget på Bryne ungdomsskule.

Dersom ein ønskjer å utvide bassengkapasiteten utover det som nå er planlagt, vil det sannsynlegvis vere nokre år fram i tid. Når Frøyland IL ønskjer å nytte regulert tomt til andre idrettsformål nå, vert dette ei vanskeleg vurdering.

KONKLUSJON

Kommunedirektøren har fulgt opp kommunestyret sitt vedtak om dialog med Klepp kommune om mogleg felles symjehall i Kvernaland/Orstad-området. Dialogen synar at Klepp har tilstrekkeleg kapasitet til symjeopplæring og at det administrativt er planlagt å ta stilling til verbalpunktet når dei nå rullerer plan for fysisk aktivitet.

For Time sin del ser kommunedirektøren det som naturleg å vurdere Kvernaland/Orstad som lokalisering dersom kommunen ønskjer ei utviding av bassengkapasiteten utover Sivdam-bassenget og bassenga i den nye symjehallen på Bryne.

Etter kommunedirektøren sin vurdering ligg dette likevel langt fram i tid, og at dette bør aktualiserast når behovet kjem i Klepp og/eller Time.

Kommunedirektøren finn det difor vanskeleg å halde på regulert symjehalltomt når det vil blokkere for utvikling av området i samsvar med behovet til Frøyland IL.

Kommunedirektøren er positiv til ein dialog med Frøyland IL om deira ønske for vidare utvikling av området.

Kommunedirektøren i Time, den 24.02.2023

Trygve Apeland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur